

Tips for ei betre skulechatoppleving

Tre enkle tips til deg som lærar for å lettare kunne førebu elevane dine i spørsmål om framferd og oppførsel mot andre i skulechatten

1

Introduksjon til ei god framferd i skulechatten og på nettet

- Gå gjennom nettvett med klassa før chatten
- Vis eksempel på situasjonar som minner dei på at dei snakkar med medmenneske:
 - Kva skal ein seie når ein byrjar ein videosamtale?
 - På kva måte kan ein vere snille i ein videosamtale?
 - Korleis kjennest det om nokon trykkjer vekk ein videosamtale med éin gong?
 - Be elevane sjølve gi eksempel på noko som er bra eller rett framferd i samband med skulechatten – skriv opp på tavla.

2

Valfri aktivitet: Den øydelagde telefonen/kviskreleiken

- Alle set seg i ring og den første eleven kviskrar ein beskjed til den neste i ringen, for eksempel "Ein skal vere snill med kvarandre og i dag snakkar vi om korleis vi oppfører oss på nettet". Så kviskrar elevane beskjeden rundt i ringen til det har gått heile vegen rundt. Har beskjeden behalde si form undervegs eller er den forandra?
- Den øydelagde telefonen fungerer som ein samtaleopnar. Diskuter saman korleis ein av og til ikkje høyrer det nokon har sagt, eller rett og slett misforstår noko. Spesielt i kommunikasjon via nettet kan misforståingar lett oppstå. Diskuter temaet i klassa:
 - Kva kan skje dersom nokon ikkje forstår kva du meiner på nettet?
 - Kan ein seie kva som helst på nettet?
 - Kva gjer du dersom nokon oppfører seg utriveleg mot deg på nettet?
 - Korleis kjennest det å bli dårleg behandla på nettet?

3

Endeleg førebuing før skulechatten

- Førebu elevane på om det finst eit tema som gjer at dei har lettare for å kome i gang med diskusjonen. (Om de har lite tid, kan de berre ta ein kort diskusjon i klassa).
- Før skulechatten byrjar skal elevane godkjenne retningslinjer i eit pop upvindauge om å møte alle med respekt og følgje instruksjonane. Før chatten kan ein understreke kor viktig det er å lese gjennom retningslinjene.
- Gå rundt i klassa under skulechatten og følg med i samtalen.
- Oppe i i det høgre hjørnet av chatten er ein funksjon du kan bruke dersom nokon oppfører seg på ein dårleg måte.